



Aksel og Tove Valen
Valagjerdet 15
5355 KNARREVIK

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/5926 - 16/16368

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:
15.06.2016

Ferdigattest tilbygg fritidsbustad - gbnr 81/10 Risa

Administrativt vedtak. Saknr: 291/16

Tiltakshavar: Aksel Andreas Valen, 5355 Knarrevik

Søknadstype: Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Tiltakshavar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 06.11.2014. Det vert elles vist til søknad motteken 18.04.2016 og supplert 06.06.2016.

Skildring

Adresse:	Revetangane 81
Bygningstiltak:	Fritidsbygg
Bygningsnummer:	176202289-1
Bruksareal:	49 m ²
Avlaup:	Offentleg
Vatn:	Offentleg
Tal på røykløp:	1

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for tilbygg til fritidsbustad på gnr. 81 bnr. 10. Bygningen må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen



er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/5926

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Aksel og Tove Valen

Valagjerdet 15 5355

KNARREVIK